



Forfatter og journalist Morten Nygård er ute med band 1 av storverket om kyrkjegardane i Kvinnherad.

**Boka *Kjært er minnet – Små og store soger frå kyrkjegardane i Kvinnherad* er no i sal. Forfattar er Morten Nygård. Uskedalen er ein av ni kyrkjegardar som er med i bok 1. I tillegg kjem tre koleragravplassar. Uskedalen er også representert med artikkelen *Ei sjømannsgrav på Curacao*. Heile 30 sider i boka handlar om eller er relatert til Uskedalen. Les pressemeldinga:**

*Kjært er minnet* er fyrste band av to som vil presentera små og store soger frå alle kyrkjegardane i Kvinnherad. I denne boka har forfattar Morten Nygård vitja følgjande kyrkjegardar:

Enes, Rosendal, Uskedalen, Ølve, Valen Asyl, Valen gamle, Holmedal gamle, Varaldsøy gamle, Kaldestad, samt koleragravplassane på Hamarhaug, Svortevik og Toftehagen.

Boka tek for seg ein del historiske fakta om bygdene, kyrkjene og kyrkjegardane, men det viktigaste er å fortelja om nokon av dei mange tusen som ligg gravlagde der. Her kan lesarane bli litt meir kjende med folk som levde uvanlege liv, folk som døydde i tragediar, folk som sette spor etter seg, folk som levde nøysame liv, og folksom ofra alt for landet sin fridom.

*Kjært er minnet* er basert på artikkelserien som stod på prent i Grenda vinteren, våren og sommaren 2018, men dei ulike kapitla er til dels monaleg utvida. Boka er på 270 riktillustrerte sider.

Bok nummer 2, som tek for seg resten av kyrkjegardane, samt ein god del anna relatert og historisk stoff, har ikkje fått nokon utgjevingsdato enno. Planen var opphavleg å lansera ho til hausten, men det er mogleg tida blir for knapp til det. Alternativet er februar/mars 2020.

*Kjært er minnet* er den andre boka Morten Nygård har skrive. Han har tidlegare gitt ut *Det løfter livet*. Soga om kunstnaren Johannes L. Ness 1865-1944 i 2006.

*Kjært er minnet* er i sal hjå:

- Rosendal Bokhandel
- Kvinnherad Bok og papir,Husnes
- Spar Uskedalen
- Joker Ølve
- Grenda

Forfattere signerer bøker:

- Varehuset Rosendal, torsdag 9. mai kl. 14.00-16.30
- Joker Ølve, fredag 10. mai kl. 13.15-14.40
- Spar Uskedalen, fredag 10. mai kl. 16.00-18.00
- Kvinnherad Bok og papir,laurdag 11. mai kl. 12.00-14.00

Tekst: Pressemelding/Kristian Bringedal

Foto: Morten Nygård/Kristian Bringedal

Nett: Kristian Bringedal



Framsida av boka *Kjært er minnet* - små og store soger frå kyrkjegardane i Kvinnherad.